

# Barnehagane i Kviteseid

## Felles informasjon til føresette



*Frå 01.01.2011*



## **Om barnehagane i Kviteseid**

Barnehagane følgjer og arbeider etter Lov om barnehagar, Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen, kommunale vedtekter og andre lokale vedtak.

Det er 3 barnehagar i kommunen, i Brunkeberg, Kviteseid og Straumsnes i Vrådal. I Brunkeberg og Straumsnes er barnehagen ein del av oppvekstsenteret. Barnehagane er eigd og drivne av Kviteseid kommune.

Alle barnehagane har barn frå 1 – 5 år, og har heildagstilbod 2, 3 og 5 dagar/veka.

## **Barnehagane sitt grunnsyn, læringssyn og om barns medverknad.**

Personalet i barnehagane i Kviteseid har arbeidd med å kome fram til eit grunnsyn og læringssyn som skal vere plattform for haldningane som vert praktiserte i barnehagane. I tillegg har personalet arbeidd med korleis barns medverknad får ein sentral plass i planlegging og dagleg verksemd.

Her er det som er felles for dei 3 barnehagane når det gjeld grunnsyn, læringssyn og barns medverknad:

### **Grunnsyn**

Vi, personalet i barnehagane, møter barna med omsorg og respekt. Vi er anerkjennande og ser at vi må vere gode rollemodellar for barna, slik at haldningane og handlingane gjev barna gode verdiar som dei tar med seg vidare i livet. Vi ser på barna som kompetente, og legg vekt på at dei har rett til å uttrykkje seg og å delta, samstundes som alle tar ansvar for kvarandre. Vi ser det positive i at alle menneske er ulike, og lar det vere utgangspunktet for vi kan lære av kvarandre.

### **Læringssyn**

Vi meiner at omsorg, leik og læring heng saman. Dette er utgangspunkt for eit heilskapleg læringssyn. Vi legg vekt på at barna skal kjenne seg trygge, som er grunnlaget for læring. Vi vaksne oppmodar og stør barna i å vere nysgjerrige, kreative og læreviljuge. Læring omfattar både formell og uformell læring. Formell læring skjer ved at vaksne og barn gjensidig formidlar kunnskap til kvarandre. Uformell læring er det som skjer i det daglege samspelet med andre menneske, og vi legg vekt på at barn lærer av kvarandre. Vi lyttar til barn si undring, og oppmuntrar dei og legg til rette for deira forskning i kvardagen.

### **Barns medverknad:**

I barnehagelova står det om barns medverknad i § 3: *”Barn har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.”*

Vi vaksne må sjå og lytte til kvart einskild barn, samstundes som vi må ta vare på heile gruppa. Barna er aktivt med i planlegging og vurdering av det som skjer, i samsvar med deira alder og mogning.

Vi får del i barns meiningar og ønskje gjennom m.a. samtale, observasjon, lytting, idemyldring og konfliktløysing. Ved å gje barna respons på meiningar og ønskje, får barna tillit til eiga deltaking og medverknad i fellesskapet.



## Fagområda

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd, som ”skal gi grunnleggende kunnskap på sentrale og aktuelle områder.” (Barnehagelov § 2)

Etter rammeplanen for barnehagen er det desse fagområda som skal prioriterast:

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, rørsle og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknikk
5. Etikk, religion og filosofi
6. Nærmiljø og samfunn
7. Tal, rom og form

Til fagområde 1 Kommunikasjon, språk og tekst

Det finst ein kommunal plan for arbeid med Språk og lesing i barnehage og skule. Som vedlegg til planen, er det sagt noko om arbeid med språk for kvart alderstrinn.

Til fagområde 2 Kropp, rørsle og helse

Barnehagane følgjer Sosial- og Helsedirektoratets ”Retningslinjer for mat og måltider i barnehager”.

Til fagområde 7 Tal, rom og form

Eit satsingsområde i Kviteseid kommune sitt handlingsprogram for 2011 er å starte arbeidet med Plan for tal og talforståing i barnehage og skule.

Elles er fagområda nærare omtalt i årsplanen for den einskilde barnehage.

## Overgangar

Det er laga ein tiltaksplan for overgangar i Kviteseid kommune. Der er det skissert kva som skal skje, m.a. når eit barn startar i barnehage eller ved overgagn frå barnehage til skule.

1. Starte i barnehage – skifte barnehage			
Frist	Tiltak	Ansvar	Merknad
1 mnd før	Velkomstskriv	Styrrar/pedleiar	Adressert til barnet Invitasjon til besøk
14 dagar før	Møte for overføring av informasjon	Styrrar i bhg barnet kjem frå	Gjeld skifte av barnehage
14 dagar før	Besøk i barnehagen	Pedleiar	Med føresette
Fyrste dagar	Tilvenning, kortare besøk	Pedleiar	



<b>2. Overgang barnehage – skule/SFO Barn som ikkje går i barnehage</b>			
<b>Frist</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Merknad</b>
Innan 01.10	Møte mlm rektor og styrar hausten før skulestart om 5-årsgruppa	Styrar	NB! Godkjenning frå føresette.
Innan 01.03	Kontakt med helsestasjon for 5-åringar som ikkje går i bhg	Rektor	
Innan 01.04	Info om SFO/gratis leksehjelp	Rektor/SFO-leiar	
01.04	Søknadsfrist, SFO	Rektor/SFO-leiar	
Innan 01.04	Klargjering av kontaktlærer for ny 1. klasse	Rektor	
Innan 01.05	Kontaktlærer besøker førskulegruppe i barnehagen	Styrar/kontakt-lærer	Styrar tar kontakt og gjer avtale
Innan 15.05	Velkomstbrev til foreldre	Rektor/kontakt-lærer	
Innan 01.06	Foreldremøte	Kontaktlærer	NB! Info om SFO
Innan 01.06	Prøveskule/besøk i SFO	Kontaktlærer	Personale frå bhg må følgje barn med særskilte behov
Innan 01.06	Fadderordning	Kontaktlærer	Eldre elevar er faddarar
Fyrste skuledag	Elevane møter rektor og kontaktlærer	Kontaktlærer	

## Styring og samarbeid

Barnehage her i landet er knytt til Kunnskapsdepartementet. Barnehagelova av 2005, slær fast i § 1 at *”Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse med barnas hjem”*.

I tillegg er det sagt i § 4: *”For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.”*

Kviteseid kommune er barnehageeigar, samstundes som kommunen også er barnehagemynde.

## Foreldreråd

Alle foreldre/føresette utgjer foreldrerådet. Kvar haust vel foreldrerådet 2 representantar m/ vara til barnehagen sitt samarbeidsutval. Foreldrerådet skal fremje samarbeidet mellom heim og barnehage. Foreldrerådet kan be om å få førelagt saker som er viktige for foreldre sitt tilhøve til barnehagen. Foreldrerådet har rett til å uttale seg i slike saker før avgjerder vert tekne. Ved røysting i foreldrerådet tel kvart barn som ei stemme.

Sektorleiar for skule og barnehage har møte med representantar for alle barnehagane 2 gonger i året.

## Samarbeidsutval

I barnehagelov § 5 står det om samarbeidsutval: *”Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av*



*foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.”*

Det står vidare i §5:

*”Kommunen kan bestemme at det skal være felles samarbeidsutvalg for kommunal barnehage og grunnskole.”*

Kviteseid barnehage har eige samarbeidsutval. Ved oppvekstsentra er det organisert eit felles samarbeidsutval for barnehage og skule.

### **Foreldresamarbeid**

Etter barnelova § 30, skal foreldreansvaret utøvast ut frå barnet sine interesser og behov.

Foreldre skal vidare syte for at barnet får ein trygg og god oppvekst. For barn i barnehagen er det difor vesentleg med eit samarbeid mellom foreldre og barnehage, som byggjer på gjensidig tillit og open kommunikasjon.

Kontakten skjer i fleire samanhengar, som i den daglege hentinga, på foreldremøta, i foreldresamtalene og uformelle samkomer. Det er foreldremøte 2 gonger i året og barnehagen inviterer til foreldresamtaler 2 gonger pr. år.

### **Personalsamarbeid**

- Planleggingsdagar. Alle barnehagane er stengde 5 dagar i løpet av barnehageåret, som er sett av til felles planlegging og kompetanseheving for personalet.
- Personalmøte.
- Avdelingsmøte

### **Andre samarbeidspartnarar**

Viss barnehagen tar kontakt med andre instansar om einskildbarn, skal det ligge føre godkjenning frå foreldre.

- Barnehagane i kommunen. Styrar, saman med assisterande einingsleiarar og rektorar for oppvekstsentra deltek på administrasjonsmøte for barnehage og skule, til vanleg om lag 9 gonger/år. Det er i tillegg etablert eit nettverk for alle pedagogane i barnehagane.
- Kommunen har eigen spesialpedagog og støttepedagog
- PP-tenesta  
Barnehagen kan, i samarbeid med heimen, søkje hjelp og rettleiing frå PP-tenesta. Tilsette i PPT deltek også i FSB-møta (Forum for Systemretta arbeid i Barnehagen).
- Helseetaten  
Lege, helsesyster, fysioterapeut
- NAV (tidl. sosialkontoret). Barnehagen har, etter barnehagelov § 21 opplysningsplikt til sosialtenesta. Det er understreka at barnehagen berre kan gje opplysningar etter samtykke frå foreldre/føresette.
- Barnevernet. Barnehagen har, etter barnehagelov § 22, opplysningsplikt til barnevernet. Det er styrar som normalt skal gje desse opplysningane.
- Grunnskulen (Sjå pkt. om overgangar)

### **Forsikring**

Alle barn i barnehagane er forsikra under ordinær barnehagetid, og under deltaking i aktivitet som går føre seg i barnehagen sin regi. Ved spørsmål, har kommunen komplette forsikringsvilkår.



## Opningstider og betalingsattsar

Kviteseid barnehage	Kl 07.30 - 17.00
Brunkeberg oppvekstsenter	Kl 07.30 - 16.30
Straumsnes oppvekstsenter, Vr�dal	Kl 07.30 - 16.30

### Foreldrebetaling pr. 01.08.2010

5 dagar/veka	2.330 pr. mnd
3 dagar/veka	2.000 pr. mnd
2 dagar/veka	1.500 pr. mnd

Betaling i tilsaman 11 m nader

